



Os Orienteringsklubb 2016

Laurdag inviterer Os orienteringsklubb til o-løp på BJGK sin bane på Hauge.

Klare for O-løp på golfbanen

Eit heilt nytt samarbeidsprosjekt vert innleia når Os OK gjestar golfklubben på Hauge laurdag.



Kenneth Svenningsen
kenneth.svenningsen@osogfusa.no

Publisert 21.11.2016 kl. 16.04. Oppdatert kl. 16.43.

At golfbanen på Hauge kan nyttast til anna enn golf, har me sett fleire døme på dei siste åra. For halvtanna år sidan utvida klubben tilbodet sitt til også å omfatta fotballgolf, og på vinterstid har klubben ved fleire høve lagt til rette for langrenn og aking.

Laurdag vert baneanlegget nytta til endå noko nytt.

- Då vert det orienteringsløp på spesialteikna o-kart på banen. I tillegg til medlemene i Os OK, er deltakarar som har oppnådd Tur-o-merke denne sesongen velkomne til å vera med, seier leiar i Os OK, Tommy Sævareid.

Ski-orientering

Han håpar det kan bli mange fleire o-løp på Hauge i tida framover.

- Dette samarbeidet kan bli spennande. Går dette bra gjer me det gjerne igjen, og når snøen kjem, kan me til og med kanskje ha skiorientering, seier Sævareid.

Tid for utmerking

Etter løpet vert det klubbmøte for Os OK i kantina.

- Der skal me nytta høvet til å dela ut premiar til klubbmeistrar og til andre utøvarar som har utmerka seg denne sesongen, fortel Sævareid.

Samankomsten vert avslutta med golf.

- Det blir artig å sjå om medlemene våre er like flinke til å treffa golf-hol som me er til å treffa o-postar, humrar Sævareid.

Bjørnefjorden GK stiller med instruktørar.

- Me er svært takksame for velvilja til Os BJGK. Laurdag blir det moro med både orientering og golf, avsluttar Sævareid.

